

ÅRSRAPPORT Austevoll ASV 2023



Austevoll ASV AS



Innhald:

	side
1. Innleiing	3
2. Fakta om Austevoll ASV	4
2.1 Ordinært tilsette	5
2.2 Oversikt over tilsette sin kompetanse	5
3. Tildelt ramme, godkjende plassar og faktisk gjennomførte årsverk	6
4. Oversikt over Austevoll ASV sine arbeidsfelt og kva for områder me kan tilby arbeidspraksis	6
5. Organisasjonskart	9
6. Tverrfagleg samarbeid	10
7. Kompetanseheving for dei ordinært tilsette	11
8. Equass	12
9. Tiltaka på Austevoll ASV	12
10. Resultatet av tiltaksarbeidet	13
11. Statistisk oversikt over oppfyltingsgraden av tiltaksplassar i 2023	14
12. Utviklingsarbeid	15
13. Forbetringar og innovasjon på Austevoll ASV AS i 2023	15
14. Offentleg informasjon om tilbodet på Austevoll ASV	16
15. Klagebehandling	16
16. Livskvalitet	16
17. Allmannamøte	16
18. Utfordringar	17

1 Innleiing:

Austevoll ASV AS er ei bedrift der menneske i vekst står i fokus. Bedrifta sitt formål er å arrangere arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma primært frå Austevoll. Me har og som formål å rettleia dei som har behov for hjelp til å komma seg ut i ordinert arbeid.

Arbeidsoppgåvene skal bidra til at våre deltakarar kan få utvikle og bruke sine ressursar på en meningsfylt måte. Sysselsetjinga skal ha hovudvekt på tenesteyting i forhold til våre oppdragsgivarar. Målet er å bli ein bidragsytar i staden for ein mottakar.

Vårt primære mål er å gje menneske med spesielle behov ein moglegheit til å vera i arbeid. Målet vårt vidare er så å skreddarsy arbeidstrening for deltakarar slik at vedkommande kan sjå kva for jobbmoglegheiter ein har og utvikle sine positive eigenskapar i form av bevisstgjerung i trygge omgivnader. Vi tilbyr arbeidsevnekartlegging og karriære rettleiing, samt opplæring og arbeidstrening på vegen mot eit ordinært arbeid. Dette får vi moglegheit til gjennom vårt samarbeid med NAV.

Vår visjon:

-Eit betre liv-

Våre lokale er på Eidsbøen i kommunesenteret Storebø i Austevoll kommune.

Austevoll ASV har 32 personar på ulike tiltak.

Austevoll ASV driftar og eit kommunalt dagtilbod for utviklingshemma. ATA (Arbeids og Treningsavdeling.)

Me har hatt ein formidabel utvikling frå den spede starten i 1991 fram til i dag. Frå å være ein skjerma arbeidsplass for nokre få personar til å verte ein moderne tiltaksbedrift. Det er fleire ulike arenaer for to arbeidsmarknadstiltak samt to lærekandidatar.

Me har 20 godkjende plassar for VTA tiltak (Varig Tilrettelagt Arbeid) og 10 godkjente plasser i AFT (Arbeidsforberedande trening). Me har 2 lærekandidatar som har starta vegen mot ein kompetanseprøve. Det har og vore personar inne i språkpraksis for å trenast på norsk.

Me kan tilby ulike arbeidsoppgåver til personar i tiltaka VTA og AFT Som er relatert opp mot det ordinære arbeidsliv.

- Vaskeri/rensari
- Reinhold

- Butikkarbeid
- Produksjonshall – elektromekanisk avdeling, praktisk truckopplæring, service maskiner, produksjon av utstyr til havbruksnæringen. Her er og ei treavdeling.
- Storkjøkken/kantine
- Hjelpemiddellager

Våre viktigaste verktøy i arbeidet for å utvikle menneske er:
 Dyktige og kompetente tilsette med brei fagkunnskap - tilrettelagt, tilpassa og variert arbeid – tett og individuell oppfølging – samarbeid med lokalt næringsliv, NAV og offentlig behandlings- og oppfølgingsapparat.

2 Fakta om Austevoll ASV:

Adresse:	Nordre Eidsbøen 20
Postadresse:	5392 Storebø
E-post:	post@austevoll-asv.no
Telefon:	56181730
Dagleg leiar:	90160703

Austevoll ASV AS er en vekstbedrift som er eigd 100 % av Austevoll kommune.

Styremedlemmer pr.	31.12.2023
Styreleiar:	Mons Ove Hauge
Medlemmer:	Håvard Magnus Njåstad Anders Bakke Velaug Henriksen Vibeche Storebø

Austevoll ASV AS ynskjer å tilby følgande (frå strategiplanen):

- Være en ressurs for innbyggjarane i kommunen og bidra aktivt til næringsutvikling i nærmiljøet gjennom opplæring og arbeid.
- Alltid møte NAV sine krav til tiltaksbedrifter.
- Utvikle opplæring- og arbeidstiltak gjennom samarbeid med NAV og andre relevante instansar, for å auke Medarbeidarane sin faglege kompetanse og tiltaksdeltakarane si læring, vekst og utvikling.
- Sørge for en berekraftig produksjon av varer og tenester som skapar tilpassa arbeids- og opplæringsarenaer.

2.1 Ordinært tilsette

- 1 Dagleg leiar
- 1 Tiltaksansvarleg
- 1 AFT rettleiar
- 5 Arbeidsrettleiarar

2.2 Oversikt over tilsette sin kompetanse:

Yrkesfagleg kompetanse:

- Teknisk/mekanisk fagkompetanse
- Maskiningeniør
- Teknisk fagskule
- Plate/Sveis
- Kontorfagleg kompetanse
- Maritim kompetanse
- Kokk
- Regnskapsførar
- Tungtransport
- Næringsverksemd (Forretningsdrift)
- Praktisk opplæring truck

Økonomi og leiging

- Logistikk
- Bedriftsøkonom
- Ordtilhandling, leiarprogram via ASVL

Helse- Sosialfagleg kompetanse:

- Vernepleier
- Helsefagarbeidar
- Miljøarbeidar
- Omsorgsarbeidar
- Aktivitør
- Barne- og ungdomsarbeidar

Kompetanse om arbeidsretta tiltak:

- Sertifisert innanfor arbeidsevnekartlegging Profråd.
- Personar med erfaring innan omsorgsarbeid og miljøarbeid.
- Kurs innanfor arbeidsretta tiltak.
- Kurs innanfor interessekartlegging
- Tilsette med mange års erfaring innanfor arbeidsretta tiltak.
- Tilsettemed arbeidsrettleiarerfaring og gode menneskerelaterte praksiskunnskapar
- Kurs i karriererettleiing

3. Tildelt ramme, godkjente plasser og faktiske gjennomførte årsverk

Austevoll ASV hadde ved inngangen og utgangen av 2022 tildelt:

20	VTA – plasser	
	01.01.23 var	20 personar i tiltak
	31.12.23 var	20 personar i tiltak
10	AFT – plasser	
	01.01.23 var	10 personar i tiltak
	31.12.23 var	9 personar i tiltak

4. Oversikt over Austevoll ASV sitt arbeidsfelt og kva for områder me kan tilby arbeidspraksis.

Vaskeriet Austevoll ASV:

Arbeidsoppgåvene består av alt frå enkle oppgåver til dei mest avanserte arbeidsoppgåver som er i et moderne vaskeri.

På avdelinga er det tre arbeidsleiarar som har ein unik moglegheit for å observere og følgje opp deltakarane i arbeidssituasjonar.

På vaskeriet er det også avanserte maskiner/utstyr som tiltaksdeltakarar kan få opplæring i.

I resepsjonen/varemottak får deltakarane opplæring i kundebetening.

I eit vaskeri er det strenge hygieniske krav. Dette er en god arena for å få gode rutinar og arbeidsvanar.

Kantina Austevoll ASV:

Kjøkkenet er godt og moderne utstyrt. Her er strenge krav til hygiene, sikkerheit og reinhald.

Her kan ein ha enkle oppgåver, men det er og mogleg å nytta profesjonelt utstyr og laga meir avansert mat.

Etter opplæring skal tiltaksdeltakarane kunne beskrive namn på råvarer, utstyr og maskiner som nyttast i produksjonen. Dei skal og kunne bruke faste oppskrifter som me nyttar i matlaginga.

Tiltaksdeltakarar skal og kunne samarbeide med kollegar og arbeidsleiar. Arbeidstakaren skal få opplæring i riktig utstyr på riktig stad. Dei skal få vera med på kvalitetskontroll og nødvendig vedlikehald. Dei ryddar og vaskar utstyr, kjøkken og kantine.

Hovudoppgåvene til tiltaksdeltakarane er å laga og servera lunsj til alle i kantina. Det har og vore ynskjeleg å prøva å utvida bruken til eksterne kundar. Dette har me i år prøvd ved å produsera varer for sal samt å arrangera kafé for lokalbefolkninga

Bruktmarknadsbutikken Austevoll ASV

På denne avdelinga blir det gitt opplæring i sal og service, reinsing av nye gjenstandar (varer), kundebetening, vurdering av pris på innkomne varer, lagerarbeid, økonomi og generelt reinhald i butikklokale.

Ved opplæringa i brukt butikken skal arbeidstakaren kunne bruke kasseapparatet og ta oppgjær. I tillegg skal dei kunne utføre arbeidet reint teknisk, og kunne arbeide i samsvar med gjeldande reglar for helse, miljø og sikkerheit og regler angåande hygiene og reinhald. Arbeidstakaren skal også kunne samarbeide med kollegaer og arbeidsleiar.

Produksjonshall Austevoll ASV

I produksjonshallen blir det gitt opplæring i bruk av ulike maskiner og utstyr som nyttast innan forskjellige handverksyrker. Dei er innom felt som tauspleising, tømmerfaget, skogsarbeid, køyreoppdrag og yrker som omhandlar motor.

Det omfattar og bruk av arbeids beskrivingar.

Dei skal ha kunnskap om risikovurdering, bruk av verneutstyr og ergonomiske arbeidsteknikkar.

Etter opplæringa skal arbeidstakaren og kunna beskriva namn på materialar, utstyr og maskiner som nyttast i arbeidet.

Etter at Austevoll ASV fekk ansvaret for det lokale lageret for hjelpemiddel har det blitt gitt opplæring/praksis innanfor finmekanikk, transport og kundebetening.


Assistent ATA (Arbeids og treningsavdelinga)

Skal du arbeide som assistent må du være glad i å arbeide med menneske.

Du må kunne visa omsorg og bry deg om andre og du må vise omsyn og respekt. Du må både kunne arbeide sjølvstendig og saman med andre yrkesgrupper og med pårørande.

Opplæring av assistentar skjer individuelt, og arbeidsleiar har ansvar for planlegging og fordeling av oppgåver.

5. Organisasjonskart



6. Tverrfagleg samarbeid

Austevoll ASV samarbeider tett med saksbehandlarane på NAV, bufellesskap, psykiatriteneste og andre i hjelpeapparatet rundt deltakarane. Me ser at det er svært gunstig at våre deltakarar har eit stort profesjonelt nettverk rundt seg for å få koordinert innsatsen frå dei involverte etatane. Dette vil vidare og gi størst mogleg potensiale for arbeid. Austevoll ASV samarbeider aktivt med næringslivet, og me er opptatt av å være til stade på arenaer der arbeidsgivarar er representert.

- Det er tett samarbeid med den enkelte saksbehandlar i NAV rundt kvar enkelt sak.
- Vi har to samarbeidsmøte med NAV Austevoll , ruskonsulent og psykiatri tenesta.
- Vi har også i 2023 tilbudd praksis til elevar frå vidaregåande skular, og samarbeida med skulane om et tilbod for to elevar. Dette gjeld først og fremst elevar som i framtida kan ha behov for tilrettelagt arbeidsplass.
- Austevoll ASV samarbeider tett med vaksenopplæringa i Austevoll kommune rundt opplæring til arbeidstakarane. Vaksenopplæringa leiger lokale i bedrifta.
- Austevoll ASV har hatt samarbeid med det offentlege hjelpeapparatet: Psykiatritenesta (det kommunale psykisk helsevern), det kommunale bufellesskapet og lege.
- Samarbeid med Solli DPS (Distrikts psykologisk senter) som tilbyr behandling til personar over 18 år med psykiske plagar.
- Vi har eit formalisert samarbeid på leiarnivå med dei andre tiltaksbedriftene og deltar jamleg på disse møta.
- Som medlem i ASVL deltok me på ulike møter og konferansar i 2023 for å halda oss oppdatert.
- Austevoll ASV samarbeida aktivt med næringslivet og var opptatt av å være til stade på arenaer der arbeidsgivarar er representert.
- Austevoll ASV samarbeida og med enkelt arbeidsgivarar.
- Austevoll ASV hadde og samarbeid med andre tiltaksarrangørar.

- Me har hatt samarbeid med kriminalomsorga.
- Me har tett samarbeid med OKAMB som er opplæringskontoret for tilrettelagt opplæring.

Tilbakemeldingar frå interessepartnarar:

Austevoll ASV har fått gode tilbakemeldingar frå NFU, NAV Hordaland, Austevoll Kommune, Bankforbindelse, Forsikringsselskap, Mental Helse Austevoll og andre i det lokale næringsliv.

7. Kompetanseheving for dei ordinært tilsette.

2023:

- Kurs, frå arbeidsleiar til arbeidsretteleiar.
- HMS – grunnkurs i plusoffice.
- Sluttrapportar-Kva krev NAV
- Årsmøte ASVL
- Deltatt på fagkonferanse ASVL
- Karriereveilleiing (Job Pics)
- Jobbglededekkonferanse
- HACCP kurs for tilsette i kantina
- Introduksjonskurs for nye lærebedrifter, faglege leiarar og instruktørar.
- Opplæringsplanar i vaskeriet.
- Kurs for tilretteleggere, opplæringskontoret
- Kurs i vaskeriteknikk 1
- Ordtilhandling, leiarprogram via ASVL

8. Equass

Austevoll ASV ble resertifisert i april 2021. En ny resertifisering vil bli avholden i juni 2024. Equass står for European Quality in Social Services og er et system for kvalitetssikring og sertifisering av velferdstenester.

Equass handlar om 10 prinsipp for kvalitet i levering av velferdstenester: Leiarskap, tilsette, Rettigheitar, Etikk, Partnarskap, Deltaking, Personfokus, Heilheits tanke, Resultatorientering og Kontinuerleg forbetring.

Etter mange anbefalingar vurderer me no å gå over til ISO. Dette er eit ledelsessystem for kvalitet som er verdens mest anerkjente standard for kvalitetsledelse. Standarden understreker viktigheten av kundekrav, kvalitet og kontinuerlig forbetring.

9. Tiltaka på Austevoll ASV.

VTA: Varig tilrettelagt arbeid kan tilby personar med uførepensjon arbeid med arbeidsoppgåver som er tilpassa den enkelt si yteevne. Det er og mogleg å prøve seg i arbeid i eksterne bedrifter med oss som støttespelar. Oppfølginga av den enkelte deltakar ivaretakast av arbeidsleiarane, med støtte frå Tiltaksleiar som har ansvaret for VTA Tiltaket. Det er gjennomført årsrapportar og medarbeidarsamtalar med alle arbeidstakarar i VTA.

Det gjennomførast jamleg produksjonsplanleggingsmøter på dei forskjellige avdelingane. Dette gir arbeidstakarane påverknadsmoglegheit over eigen arbeidssituasjon, samt at bedrifta får god styring av ressursar. Arbeidstakarane er representert i vernearbeidet gjennom kontaktpersonar på kvar avdeling

Tiltaksdeltakarane har valt en tillitsvalgt som skal ivareta arbeidstakarane sine interesser.

AFT: Arbeidsforberedande trening skal bidra til å prøva å styrke sjansane for å få ordinert arbeid. Det vert gjeven arbeidsretta opplæring og utprøving av arbeidsevne for personar som treng hjelp for å klara dette.

AFT rettleiar har den daglege oppfølging av deltakarane i tiltaket på dei ulike avdelingar, samt ansvar for rapportering til NAV. AFT rettleiar har støtte frå Tiltaksleiar som har ansvaret for AFT Tiltaket. Arbeidsleiarane rettleier dei ulike deltakar i den daglege arbeidssituasjonen. Det har gjennom året variert frå 10 til 8 deltakarar pr. månad.

10. Resultatet av Tiltaksarbeidet.

Type tiltak	Totalt tal av tiltaksdeltakarar som er skreive ut av tiltaka i perioden	Tal på tiltaksdeltakarar som er formidla til arbeid /skule	Formidlings resultat til arbeid /skule i prosent	Tal på tiltaksdeltakarar ført tilbake til NAV	Tal på tiltaksdeltakarar som er formidla til andre aktive tiltak	Formidlings - resultat til alle aktive tiltak i prosent
VTA	0	0	0 %	0	0	0 %
AFT	12	8	66,6	4	0	66,6%

I 2023 ble ingen deltakarar i VTA tiltaket formidla til arbeid, det same som tidlegare år.

I 2023 ble 8 personar, 66,6 % formidla til arbeid/skule frå AFT tiltaket

.

Fire personar vart tilbakeført NAV.


Kjønnsfordelinga i VTA tiltaket viser 50 % menn og 50 % kvinner.

Aldersfordelinga er frå 22 – 65 år. Med en gjennomsnittsalder på 44,5 år.

Kjønnsfordelinga i AFT tiltaket viser 86,7 % menn og 13,3 % kvinner.

Aldersfordelinga er frå 18 –64 år. Med en gjennomsnittsalder på 41 år.

11. Statistisk oversikt over oppfylingsgraden av tiltaksplassar i 2023



2023	VTA	AFT
Januar	20	9
Februar	20	10
Mars	20	9
April	20	10
Mai	20	10
Juni	20	10
Juli	20	9
August	20	8
September	20	7
Oktober	20	8

November	20	8
Desember	20	8

12 Utviklingsarbeid:

Austevoll ASV har i 2023 inngått avtale og blitt medeigarar i Opplæringskontoret for tilrettelagt opplæring OKAMB. Me har skrive avtale med to lærekandidatar, ein i ernæringskokkefaget og ein i helsefagarbeidet. Lærekandidatordninga er ein forholdsvis ny ordning som gir yrkesfagleg opplæring til fleire på deira premissar. Dette opnar for utvikling og kompetanseheving for dei som ikkje klarar ein ordinær skulegonge.

Me har fortsett på strategiplanen frå 2022. Me har framleis fokuset på kvalitet i våre tenester og det å levere til rett tid. Me held oss stadig oppdatert på endringar og nyheiter som omhandlar våre oppdrag og tiltak. Me utviklar kontinuerleg våre rutinar, slik at me til ei kvar tid leverer i forhold til dei krav, forventningar og avtalar som føreligg.

Frå førre strategiplan var målet å utvikle bruken av kantina for å få opp omsetnaden og aktiviteten der. Vi har jobba med å gjere kantina til ein attraktiv arbeidsplass for tilsette. Det er og kommen til ein lærekandidat i ernæringskokkefaget. I dette høvet har me tilsett ein med fagbrev som kokk og bakar som skal vera med å bidra i spesialundervisninga til lærekandidaten der. Kantina har større fokus på ernæringsriktig mat og produksjon av eigen mat til både tilsette og til besøkande. Me har hatt ein dag med kafé for å prøve korleis dette fungerer. Det gjekk veldig bra og me fekk positive tilbakemeldingar frå dei som besøkte oss.

Austevoll ASV har i år fornya kontrakten sin med hjelpemiddelsentralen med 5 år og skal fortsetta å drifta hjelpemiddellageret i kommunen som før.

Me har hatt fokus på korleis våre tiltaksdeltakarar har det på fritida, og veit at mange er einsame og manglar eit fellesskap å høyra til. Me har engasjert oss i tema utanforskap og hatt trivselstiltak for at mange kan ha noko å gleda seg til. Me har framleis bowling nokre torsdagar. Me har i tillegg fått ei pengegåve for vårt arbeid mot utanforskap som me har nytta til å gi alle tilsette tilbod om ein tur til Bergen der me gjekk på Brann kamp med eit måltid inkludert. Dette for at ikkje pengar skulle hindra nokon i å delta. Me har og arrangert open hall med ulike aktivitetar nokre gongar i samarbeid med AIK. Elles har me arrangert fellestur med grilling og andre fellesmåltid som alle kan delta på.

Me ser tydeleg gevinst av felles aktivitet i form av auka sjølvtrillit og trivsel for deltakarane som deltar på disse aktivitetane.

Det blir halde møte i leiinga kvar veke, månadlege møte med arbeidsrettileiarar og kontinuerleg møte med tiltaksdeltakarane. Me har laga ein del arbeidsbeskrivingar for å gjera nokre av oppdraga meir oversiktlege. Dette er med å gjer dei tilsette meir sjølvstendige som igjen skapar meistringsfølelse.


13. Forbetringar og innovasjon på Austevoll ASV AS 2023

Det har i løpet av året påbegynt arbeid med å legge solcellepanel på taket på alle tre bygga våre. Det skal stå klart våren 2024.

Me har påbegynt fornying av bygget med å friske opp med maling og ny farge. Dette arbeider er ikkje ferdig og vil fortsette inn i 2024.

I løpet av 2022 hadde Austevoll ASV ein stor omstrukturering. Me har gått frå å berre vera ei ordinær arbeidstreningsbedrift til å bli eit konsern. Arbeidsforberedande trening og varig tilrettelagt arbeid skal vera tiltaksarrangørens primære verksamheit. På grunnlag av dette er reinhald tenester og utleige av eigendom/kantine ikkje foreinleg med vilkåra frå NAV. For å imøtekomme krava frå NAV har administrasjonen og styret i Austevoll ASV AS vurdert kva for moglegheiter selskapet har til omorganisering utan å måtte legge ned eller selja delar av dagens verksamheit.

Styret og leiinga avgjorde å organisera Austevoll ASV AS i ein konsernstruktur for på denne måten og kunne fortsette med dagens tenester. Ny struktur såg slik ut:



Dette har me sett i 2023 at har gjort at det ryddigare og det er blitt klare skilje mellom tiltaksarbeidet og andre delar av konsernet.

Brukt butikken, som er en av Austevoll ASV sine opplæringsarenaer, har tidlegare vore styrt av ordinært tilsette. I strategiplan sette me som mål å inkludera tiltaksdeltakarane meir i drifta. I løpet av 2023 hadde tiltaksdeltakarane hovudansvar for drifta av butikken, med tilsyn av

retteleiar. Ein VTA tilsett har fått stilling som assistent for arbeidsleiar og har store delar av ansvaret i butikken. Salet har auka betrakteleg, mykje fordi tiltaksdeltakarane har vore flinke å reklamere og annonsere via sosiale media. Det er og gjort ein stor innsats på å få butikken ryddig og innbydande. Det er et godt bidrag for gjenbruk i kommunen, og me ser auka interesse for brukthandel.

Produksjons avdelinga har gjennom heile året utført arbeidsoppgåver for Egersund group. Arbeidet har bestått i spleising av løftestropper som brukast innanfor havbruksnæringa. Dei har og avtale med SIM, sunnhordland interkommunale miljøstasjon, om førefallande arbeid her i kommunen. Det kan være å sette ut nye, hente inn eller erstatte bossdunkar. Produksjonsavdelinga har og heile året produsert eigne varer, og sel no tenn briketter laga av gjenbruk frå toalettruller, stearin og makuleringspapiir. Dei lagar garnkasser, blomsterkasser og aviskorger mm.

Vaskeriet har mange eksterne samarbeidspartnarar som Bekkjarvik gjestgiveri, Kommune med blant anna legesenter og PO senter, Lerøy osv.

Det har og vore eit nært samarbeid med fleire aktørar i kommunen, blant anna SIM, havforskinga og fjord 1.

Hovudoppgåvene er å vaska uniformar, arbeidstøy, sengklede og dukar. Dei har og andre viktige oppgåver som å levera, bytta og vaska matter til alle bedrifter som har abonnement på dørmatter. Dei vaskar og på bestilling frå privatkundar og driv utleige av lintøy. Med grunnlag av at me vil levera av beste kvalitet har bedrifta i år investert i heilt ny klesrulle. Tilsette er i stadig utvikling for å halde god standard. To personar har i år tatt kurset Vaskeriteknikk 1. Me har hatt tett samarbeid med andre tiltaksbedrifter for ideutveksling og inspirasjon.

14. Offentleg informasjon om tilbodet på Austevoll ASV

Heimesida til Austevoll ASV AS er <http://www.austevoll-asv.no>. Vi hadde som mål å få laga oss ny nettside for å få fram viktig og riktig informasjon. Det har me gjort. No kan me vise ein god og profesjonell profil ut i samfunnet. Me har laga foldere med informasjon retta mot dei som kan tenke seg å arbeide hos oss med informasjon om dei ulike tiltaka våre og kva avdelingar me tilbyr arbeid i. Me har og skaffa telefonsvarar, slik at kundane lett skal komma til rett avdeling med sine spørsmål. Vi har blitt meir aktive på sosiale media, spesielt på facebook då me ser at det er her me treff flest med annonsering, reklame etc. Me har og begynt

å bruka instagram etter anbefalingar frå andre tiltaksleverandørar for å nå ut til dei yngste med informasjon om kva me gjer.

15. Klagehandsaming

Alle på Austevoll ASV har tilgang til å klage dersom det er noko dei ikkje er tilfreds med. I dag er det mogleg å gi tilbakemeldingar og klagar anonymt via vår heimeside. Me arbeider med å forbetre rutinane rundt intern klagebehandling og avviksbehandling. Me har fått gode rutinar på å føra avvik i vårt interne program plusoffice.

16. Livskvalitet

Som tiltaksarrangør er Austevoll ASV opptatt av at dei som er i våre tiltak skal ha det trygt og sikkert rundt seg. Temaet livskvalitet blir tatt opp i samtalen rundt aktivitetsplanen som jamleg oppdaterast. Me ynskjer å tenka heilskapleg med at det er fleire ting som spelar inn i deira kvardag, ikkje berre jobben. Me tilbyr hjelp til å ta kontakt eller å være følge til ulike instansar om det er ynskjeleg.

I aktivitetsplanane blir det årleg evaluert tiltaksdeltakars rett til sjølvbestemming og korleis me kan leggja til rette for at dei skal få tilgang til organisasjonar/personar som kan tala deira sak eller gje dei deira støtte.

Bedrifta legg stor vekt på at tiltaksdeltakarar gjennom Austevoll ASV skal få moglegheit til å utvikla seg.

Alle som vil skal få moglegheit til å jobba.

17. Allmannamøte

Tema for allmannamøte er hovudsakeleg informasjon rundt rettigheter og plikter, ting som skjer i bedrifta, trivselstiltak og saker tiltaksdeltakarar ynskjer å ta opp.

Austevoll ASV legg stor vekt på klagesystemet. Det blir på alle møter oppfordra til å komma med klagar og å melde om avvik. Austevoll ASV ser på ei klage som eit eksempel på at kvalitetssikringssystemet fungerer og som eit verktøy til å verte betre.

18. Utfordringar:

Det viktigaste for Austevoll ASV vil være å ha fulle tiltaksplassar, noko som fører til at tiltaksmidlar blir tilført bedrifta.

Ein av utfordringane me har hatt er stigmatiseringa av bedrifta, noko som me kontinuerleg jobbar med. Det viktigaste tiltaket vil vera å starta dette arbeidet internt. Gjennom å sikre god kvalitet og trivsel for tiltaksdeltakarar vil og kvalitet på varer og tenester auke, noko som igjen vil ha gode ringverknader for omdømme og rekruttering.

Framover vil det og verte prioritert å arbeide med korleis bedrifta visar seg ute hos befolkninga gjennom heimeside, Facebook, i lokalavisa etc. Me har jobba mykje med dette i heile 2023, men ser på det som eit kontinuerleg arbeid som skal fortsette.

Svein Arne Kalvenes
Dagleg leiar

Veronika Marie Solheim
Tiltaksleiar